



## Møteprotokoll for Teknisk utval

**Møtedato:** 05.09.2017  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 15.45 - 18.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
John Torsvik	H	Utvalsleiar
Ragnvald Tangedal	AP	Nestleiar
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Ørjan Daae	Frp	Medlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Teknisk sjef Roald Kvingedal, landbrukskonsulent Ottar Myrtveit

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
016/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/2017	Godkjenning av møtebok
018/2017	Høyringsuttale - søknad om utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Duesund
019/2017	Delegerte saker
020/2017	Referatsak

**016/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**05.09.2017 TEKNISK UTVAL**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**TU - 016/2017 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

**017/2017: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

**05.09.2017 TEKNISK UTVAL**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**TU - 017/2017 VEDTAK:**

**Møtebok vert godkjend.**

---

## **018/2017: Høyringsuttale - søknad om utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Duesund**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune har ingen merknad til søknaden om å auke produksjonen frå 1560 tonn til 2340 tonn MTB, av matfisk av laks og aure på lokalitet 1644 Duesund.

**Grunngjevinga :** Engesund må redusera aktiviteten på lokaliteten Ådnekvam på grunn av oksygenreduksjon i djupvatnet i Masfjorden. Dette kan skyldast variasjonar i naturlege høve. Engesund har av fylkesmannen i Hordaland vorte bedne om å redusere aktiviteten på Ådnekvam , der har dei eit mellombels løyve til drift ut 2018. Samla konsekvensar ved utviding av anlegget er gjennomgått i vedlagt rapport frå Rådgivende Biologer AS

### **05.09.2017 TEKNISK UTVAL**

Teknisk sjef Roald Kvingedal orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) la fram nytt framlegg til vedtak:

Før det vert gitt tilråding i saka om auka produksjon, må der føretas ein ny konsekvensutgreiing av type MOM B, som visar dagens tilstand rundt lokaliteten.

Grunngjeving: Bakgrunn i om lokaliteten framleis er eigna for ein produksjon i denne storleiken, med omsyn til dagens O2 innhald i fjordsystemet og sett i samanheng med andre miljømessige konsekvensar i dette området.

#### Røysting:

Det vart først røysta over framlegget frå Venstre. Framlegget fall mot 3 røyster. Senterpartiet og Venstre for (2 røyster), Høgre og Arbeidarpartiet mot (3 røyster).

Det vart så røysta over framlegget frå rådmannen. Framlegget vart vedteke mot 2 røyster, Senterpartiet og Venstre.

### **TU - 018/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune har ingen merknad til søknaden om å auke produksjonen frå 1560 tonn til 2340 tonn MTB, av matfisk av laks og aure på lokalitet 1644 Duesund.**

**Grunngjevinga :** Engesund må redusera aktiviteten på lokaliteten Ådnekvam på grunn av oksygenreduksjon i djupvatnet i Masfjorden. Dette kan skyldast variasjonar i naturlege høve. Engesund har av fylkesmannen i Hordaland vorte bedne om å redusere aktiviteten på Ådnekvam , der har dei eit mellombels løyve til drift ut 2018. Samla konsekvensar ved utviding av anlegget er gjennomgått i vedlagt rapport frå Rådgivende Biologer AS

---

**019/2017: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**05.09.2017 TEKNISK UTVAL**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**TU - 019/2017 VEDTAK:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

**020/2017: Referatsak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

**05.09.2017 TEKNISK UTVAL**

Orienteringar:

- Landbrukskonsulent Ottar Myrtveit orienterte om Prosjekt utsiktsrydding
- Ordførar Karstein Totland orienterte om kommunedelplan for Fensfjorden/Austfjorden for sjøareal som ligg i Lindås kommune og Masfjorden kommune.

**TU - 020/2017 VEDTAK:**

Referatsaker vert tekne til orientering

---

**Rett utskrift av møteprotokoll frå teknisk utval den 05.09.17 vert vitna:**

---

John Torsvik  
utvalsleiar

---

Roald Kvingedal  
sekretær